



Konfirmantane på kyrkjetrappa etterpå. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Nærare 300 overvar konfirmasjonsgudstenesta i kyrkja i føremiddag når dei som stod i våpenhuset reknast med.**

**Det vart ei stilfull og fin høgtid prega av både ålvor og mange gode ynskjer for dei 13 konfirmantane.**

**Sokneprest Sven Harald Nilsen leia gudstenesta men hadde god bistand av kyrkjelydssekretær og konfirmantlærer Oddbjørg Heimark.**



Konfirmantane på veg inn i kyrkja med kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark i spissen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var også to innslag som gjekk utanpå det vanlege ritualet og sette ein ekstra spiss på høgtida: Vår lovande musikar Vegard Døssland spela gripande vakkert saman med organist Tjeldflåt og soknerådet overrekte ei rose til kvar av konfirmantane. Leiar Møyfrid Kristoffersen knytta gode ord til overrekkinga der ho lova dei 13 at ungdomstida blir både slitsam og fin.



Vegard Døssland spela igjen i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I si velkomsthelsing innrømte soknepresten at konfirmasjonen no for tida i stor grad handlar om pengar. Men han streka under at det ikkje er konfirmantane sitt problem, men eit uttrykk for at dei næraste og andre set pris på og er glade i dei. Og det er Guds velsigning - det finaste i livet - det framfor alt handlar om, understreka soknepresten.

Her er dei 13 konfirmantane: Kaja Døssland, Martin Tungesvik Hauge, Ingebjørg Haugland, Eirin Rørheim Kjærland, Marita Kjærland, Rune Kjærland, Andrea Haugland Lunde, Thomas Myklebust Mathiesen, Ann Lisbeth Ljosnes Moen, Sindre Andre Onarheim, Håvard Steinsvik, Kenneth Nilsen Stensletten og Preben Slette Sundal.

Av Ola Matti Mathisen